

LEKSEPLAN FOR 7. KLASSE

VEKE: 1

TIL:	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
 Matte			Gjer oppg. 4.57 og 4.58 på s. 112 i grunnboka.	
 Norsk		Gjer oppg. 2 og 3 s. 42-43 i Inn i teksten. Du kan bruke internett til hjelp.	Gjer oppg. 6 s. 45 i Inn i teksten. Du treng Tekstsamling.	
 Engelsk				
 Anna				
HUGS:	Gym. Hugs gymklede og gymsko.		Ferdig kl. 14:10	Gym. Hugs gymklede og gymsko.

Mål i dei ulike faga:

Norsk: Eg skal øve på fleire roller i lesesirkelen.

Matematikk: Eg skal lære om konstruksjon av vinklar og midtlinje.

Engelsk: I will learn about C. S. Lewis and Narnia.

Sosialt mål: Eg skal vere ein god læringsven og snakke fint til andre.

Viktig informasjon:

Hei og godt nytt år alle saman.

Eg håper de alle har hatt ein fin og avslappande juleferie og eg håper at me alle får eit flott år i 2021.

Som me alle sikkert har fått med oss, har regjeringa innført strengare smittevernreglar desse to første vekene. Det er viktig å halde 1 meter avstand og vaske hendene ofte. Fint om de kan minne borna dykkar på dette, det er lett å gløyme seg. Eg hjelper dei på skulen, med det får større betydning dersom me er fleire vaksne som formidler det samme.

Det er fire skuledagar denne veka og me følger vanleg timeplan. Hugs å ta med utstyr til gymtimen på tysdag og fredag. For at me skal få ein litt roleg start på det nye året og komme inn i rutinar igjen, vert det berre tre lekser denne veka.

Dersom det skulle vere noko, ta kontakt. Gå også inn på heimesida til skulen: <https://www.oygarden.kommune.no/blomvagskule/>
Både på framsida og under 7. klasse er det informasjon som vedkjem dykk.

Eg gler meg til å vere læraren dykkar dette siste halvåret på barneskulen.

Eg ønskjer alle ei god arbeidsveke og eg håper at me alle får eit fantastisk år i 2021.

Helsing Lene.

ler@oygarden.kommune.no

tlf: 92643495 (privat) / 56382464(kontor)